



ÅRSMELDING 2017

Banken sitt 172. rekneskapsår



VIK SPAREBANK

Bilete framside: Vikafjell – bilete teke av Helga Brudevoll

INNHALD:

Hovudtrekk i rekneskapen for år 2017	Side	3
Årsmelding 2017	”	3
Bankåret 2017 – rammevilkår og drift	”	
Kort om den generelle økonomiske utviklinga i landet og i lokalområdet	”	
Samfunnsansvar	”	4
Strategisk samarbeid i Eika Gruppen AS	”	5
Eika Boligkreditt as	”	
Disponering av overskotet	”	
Risikoeksponeringa til banken – finansiell risiko	”	
Kredittrisiko	”	
Renterisiko	”	6
Valutarisiko	”	
Likviditetsrisiko	”	
Personale – Arbeidsmiljø	”	
Vegen vidare	”	
Takk til kundar, tillitsvalde og tilsette	”	7
RESULTATREKNESKAP	”	8
BALANSEREKNESKAP	”	9
Kontantstraumanalyse	”	11
Generelle rekneskapsprinsipp	”	12
NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2017	”	15
Note 1. Risikostyring	”	
Note 2. Kredittrisiko	”	16
Note 3. Kapitaldekning	”	22
Note 4. Likviditetsrisiko	”	24
Note 5. Renterisiko	”	25
Note 6. Marknadsrisiko	”	
Note 7. Andre rentekostnader	”	28
Note 8. Provisjonsinntekter og provisjonskostnader	”	
Note 9. Pensjon	”	
Note 10. Løns- og administrasjonskostnader	”	29
Note 11. Lån og ytingar	”	
Note 12. Varige driftsmidlar	”	30
Note 13. Andre driftskostnader	”	
Note 14. Skatt	”	31
Note 15. Kontantar og innskot i Noregs Bank	”	32
Note 16. Overtekne eignelutar	”	
Note 17. Gjeld til kredittinstitusjonar og innskot frå kundar	”	
Note 18. Spesifikasjon av anna gjeld	”	33
Note 19. Eigenkapital	”	
Note 20. Garantiansvar	”	
Note 21. Nøkkeltal	”	34
REVISJONSMELDING FOR 2017	”	35

VIK SPAREBANK - 172. DRIFTSÅR**HOVUDTREKK I REKNESKAPEN FOR ÅR 2017**

Forvaltningskapitalen auka med 59 mill. til 1.305 mill. kroner (+ 4,8%).

Innskot frå kundar auka med 48 mill. til 1.105 mill. kroner (+ 4,6%).

Utlån til kundar auka med 65 mill. til 1.055 mill. kroner (+ 6,6%).

Våre lån gjennom Eika Boligkreditt AS er redusert med 15 mill. (- 20,1%) til 60 mill. kroner.

Samla utlån i eigen balanse og gjennom Eika Boligkreditt AS hadde ein auke med 50 mill. (+ 4,4%) til 1.115 mill. kroner.

Resultatet av den ordinære drifta vart på 13,4 mill. kroner mot 9,2 mill. kroner året før. I snitt av forvaltningskapitalen utgjer dette 1,04% i 2017 mot 0,74% året før.

Året gav ein betring i rentemarginen i høve kundar samt at avkastninga på vår overskotslikviditet plassert i marknaden gav samla for året eit godt resultat. Samla driftskostnader auka med kr 0,8 mill. (+3,6%) i året som gjekk.

Eigenkapitalen 31.12.17 var på 152,9 mill. kroner som er ein auke frå 143,0 mill. kroner. Dette utgjer 11,7% av forvaltningskapitalen mot 11,5% året før.

Kapitaldekninga til banken hadde sterk auke til 22,5% ved årsskiftet, medan kravet frå styresmaktene er på 15,5%.

ÅRSMELDING 2017**Banken sitt 172. rekneskapsår****Bankåret 2017 – rammevilkår og drift**

Styret i Vik Sparebank legg med dette fram rekneskapsen for 2017.

Som lokalbank er utviklinga til Vik Sparebank nært knytta opp til dei økonomiske tilhøva i kommunen og den generelle økonomiske utviklinga i landet.

Vik Sparebank har hovudmarknaden i eigen kommune. 43% av banken sine totale utlån i eigen balanse er til kundar utanfor Vik kommune.

Kort om den generelle økonomiske utviklinga i landet og i lokalområdet

Vi har vore gjennom eit år der dei fleste tal for landet peikar den rette vegen. Reiselivsnæringa har hatt eit rekordår og oljeprisen har kome opp att på eit lønsamt nivå. Veksten i verdsøkonomien har også vore god med sterk verdistigning på børsane.

Styringsrenta eller foliorenta i Noregs Bank har sidan mars 2016 vore uendra, der innskotsrenta er 0,50 %.

BNP-veksten i 2017 for fastlands Noreg er på 1,8% mot 1,0% året før i fylje SSB. Prisveksten i 2017 var på 1,8% som er ei halvering frå året før. Lønsveksten i 2017 for alle tilsette auka med 2,3% frå september 2016-2017. Med unntak av 2016, er dette den lågaste lønsveksten etter år 2000.

Bustadprisane gjekk ned 2,2% siste året mot ein auke på 8,3% for fjoråret landet samla. I Oslo-området var det ein nedgang på 9,4% mot ein oppgang på 15,1% året før. Innstrammingar frå styresmaktene i høve kreditt som vart innført med dei strengaste reglane for Oslo har verka.

Kredittveksten i hushaldningane var på 6,5%.

Etter eit år med folketalsvekst i Vik kommune ser folketalet ut til å gå tilbake til negativ utvikling innanfor eit år.

Kommunen har dårleg infrastruktur med omverda. Sognefjorden med ferje mot nord, og ein ustabil vinterveg mot sør over Vikafjellet, gjev ofte vanskelege og lange omvegar som transportalternativ.

Vik har eit veldrive landbruk. Framleis ein relativ stor industri, sjølv om tal tilsette i desse næringane har gått ned over tid. På den andre sida har vi nyetableringar og vekst m.a. innanfor IT og ei reiselivsnæring som har føresetnader for vekst.

Alt dette dannar grunnlag for busetting og folketalsvekst, noko som er heilt avgjerande for lokalsamfunnet.

Samfunnsansvar

Vik Sparebank tek samfunnsansvar, noko som ligg i botnen i det strategiske rammeverket til banken. Soliditeten til banken med god inntening over tid, er den beste garanti for at vi skal kunne dekke vår framtidige funksjon i lokalsamfunnet.

I strategiplanen seier banken at den skal vere ein konkurransedyktig bank for innbyggjarane i kommunen, - samt utflytte vikjer og andre som vi har opparbeidd relasjonar til. For næringslivet i kommunen skal vi vere eit klart fyrsteval på alle finansielle tenester. Dette skal vi oppnå gjennom tett og god oppfølging av våre kundar.

Menneskerettar: Banken skal aldri medverka til uetiske handlingar eller unnlatningar. Dette kan t.d. vera krenkingar av humanitære prinsipp, menneskerettar, korrupsjon og miljøødeleggingar.

Banken er avhengig av tillit og set dei etiske retningslinjene høgt. Dei tilsette kjenner difor godt til desse generelt, men også spesielt i høve områder som kvitvasking/økonomisk kriminalitet.

Styret meiner banken har ein høg etisk standard, og det er ikkje rapportert avvik i høve dette i 2017.

Vi set samfunnsansvaret på dagsorden gjennom ein ansvarleg profil som i møte med globale og nasjonale trendar innan miljø- og klimautfordringar.

Arbeidsmiljø, utdanning, likestilling og diskriminering: Styret, leiinga og dei tilsette får, og har kunnskap og kompetanse om kor viktig dette samfunnsansvaret er for ei god utvikling og framtid for næringslivet i kommunen. Dette formidlar vi vidare og kan gjennom dette også bidra til å skapa meirverdi for kunden.

Banken er aktiv for å få på plass fleire autoriserte kundefrågjeverar (AFR).

Vik Sparebank skal vera ein attraktiv arbeidsgjevar, som gjennom eit samspel med dei tilsette, skal vera med på å vidareutvikla banken. Dette er ein konkurransefordel. Trivnad og mangfald på arbeidsplassen er viktig. Banken er IA-bedrift.

Vik Sparebank ynskjer å motivere tilsette av begge kjønn til å søke leiande og nye stillingar/utfordringar. Samansettinga i styret og generalforsamlinga har også teke omsyn til kjønnsfordelinga m.a. gjennom anbefalingar frå Finans Norge.

Vik Sparebank nyttar ikkje innsatsfaktorar eller produksjonsmetodar som forureinar det ytre miljø. Banken har ei miljøbevisst haldning i forhold til forbruk og gjer m.a. investeringar for mindre energibruk.

Kundene: Årleg kundeundersøking med mål om å avdekka kor nøgde kundane er med banken vart også gjennomført. Som tidlegare år var også resultatet denne gongen positivt og gledeleg.

Gjennom slike undersøkingar får og banken tilbakemeldingar frå kundane som me kan nytte i vårt arbeid med å verta endå betre.

Dette gjev inspirasjon til å halde fram utviklinga av Vik Sparebank.

Gåver, sponning: Vik Sparebank er ein stor bidragsytar til idrett- og kulturlivet i kommunen.

Av tiltak kan nemnast:

- Ressursar på god rådgjeving og nærleik til kunde og distrikt.
- Gåver til allmenntilgjengelige føremål.
- Omfattande stønad til lag og organisasjonar.

Strategisk samarbeid i Eika Gruppen AS

Styret har som målsetjing å vidareutvikla banken. For å oppnå denne målsetjinga er banken avhengig av å kunna tilby eit breitt spekter av finansielle produkt og tenester som banken ikkje produserer sjølv.

Vik Sparebank er aksjonær i Eika Gruppen AS og ein av 69 lokalbankar i Eika Alliansen. Lokalbankane, Eika Gruppen AS og Eika Boligkreditt AS utgjer Eika Alliansen. Eika Alliansen er ein av Noregs største finansgrupperingar med ein samla forvaltningskapital på over 400 milliardar kroner.

Lokalbankane i Eika Alliansen er ofte unike og viktige økonomiske bidragsytarar til vekst og utvikling for både privatpersonar og norsk samfunns- og næringsliv. Lokalbankane i Eika Alliansen har landets mest nøgde kundar både i person- og bedriftsmarknaden.

Konkret har Eika Gruppen ansvar for å levere ei komplett plattform IT, betalingsformidling og digitale tenester som nett- og mobilbank. Eika Gruppen har eit profesjonalt prosjekt- og utviklingsmiljø som investerer store ressursar i utvikling av nye, digitale løysingar for lokalbankane.

Produktselskapa i Eika Gruppen, Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring, leverar eit breitt spekter av finansielle produkt, kommersielle løysingar og kompetansehevande konsept.

Utover disse leveransane gjev Eika Gruppen alliansebankane tilgang til kompetanseutvikling med Eika Skolen, verksemdstyring med Eika VIS, økonomi- og rekneskapstenester med Eika Økonomiservice og depottenester med Eika Depot-service. I tillegg arbeidar Eika Gruppen innafør område som kommunikasjon, marknad, merkevare og næringspolitikk for å ivareta Vik Sparebank sine interesser på desse områda.

Eika Boligkreditt AS

Eika Boligkreditt er ein del av Eika Alliansen og er direkte eigd av 67 lokalbanker og OBOS. Eika Boligkreditt har som hovudføremål å sikra lokalbankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig funding. Selskapet har ein forvaltningskapital på omlag 100 milliardar og er, med sin tilgang til den internasjonale marknaden for Obligasjonar med fortrinnsrett (OMF) ein viktig finansieringskjelda, spesielt for dei alliansebankane med knapp likviditet i eigen balanse.

Disponering av overskotet:

Vik Sparebank deler kvart år ut ein del av overskotet til lag og organisasjonar i banken sitt distrikt. Styret gjer framlegg om slik disponering av overskotet for 2017:

Årsresultat	10.400.000	kroner
Overføringer og disponeringar:		
Overført til gåvefondet	200.000	kroner
Avsett til gåver	500.000	kroner
Til Sparebankfondet	9.700.000	kroner

Styret gjer framlegg om å dela ut 500.000 kroner til gåver og overføre kr 200.000 til gåvefondet. Nytt samla gåvefond vert då 2.200.000 kroner.

Over tid må Sparebankfondet i høve forvaltninga prosentvis oppretthaldast på eit høgt nivå. Dette er heilt avgjerande i forhold til sjølvstende m.a. gjennom kapitalkrav frå styresmaktene.

Avkastninga frå eigenkapitalen gjev oss også tryggleik for at vi kan halda fram å tilby våre kundar rimelege og framtidssrette tenester.

På sikt vil ein eigenkapital som ikkje aukar, gjera oss mindre aktuelle som banksamband for dei større og veksande lokale verksemdene. Med vekst i forvaltninga og samla inntekter, kan vi driva effektivt og lønsamt i ein tøff konkurranse, men der må eigenkapitalen fylja med oppover i storleik.

RISIKOEKSPONERINGA TIL BANKEN - FINANSIELL RISIKO

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for kvalitetssikring og risikostyring med fastsette rammer.

Alle nye verdipapirplasseringar vert gjennomgått av styret månadsvis.

Kredittrisiko er knytt til banken sine utlån, garantiar og deler av verdipapira.

Denne risikoen vert ivareteken gjennom kontroll av betalingsmisleghald, risikoklassifisering og rammer for risiko for handel med verdipapir. Banken har få store næringslivsengasjement.

Våre individuelle nedskrivningar på 0,4 mill. kroner er netto uendra siste året. Gruppenedskrivningane er auka med 0,7 mill. til 4,2 mill. kroner.

Totale tapsnedskrivningar er på 4,6 mill. kroner og utgjer 0,43% mot 0,39% av brutto utlån i eigen balanse førre år.

Styret vurderer kredittrisikoen i personmarknaden som liten, men einskilde områder i landet har opplevd ein relativt betydeleg prisnedgang etter mange år med sterk vekst. I ljøs av dette må kredittarbeidet i banken vera godt, ikkje minst når rentenivået på sikt vil gå betydeleg opp att, og prisen på bustadane skulle falla ytterlegare tilbake.

Finanstilsynet har ved fleire høve, og sist frå 1.1.2017 kome med innskjerpingar kring lån til bustadføremål. I korte trekk går tiltaka ut på skjerpa krav til kunden si betjeningsevne. Ein skal ta høgde for ein renteauke på minst 5 prosentpoeng og lån skal normalt ikkje overstiga 85 prosent (maks 75% i Oslo) av marknadsværdien av bustaden m.m. For flexilån er referanseverdien for forsvarleg lånegrad seinka ytterlegare og no til 60 prosent.

Kredittrisikoen er akseptabel for utlån til næringslivet, der også vårt samla engasjement har gått ned. Etter styret si vurdering er avsetnadene tilstrekkelege til å dekkja kredittrisikoen. Det budsjetterte tapet ved eit svært lågt rentenivå er under 0,1% av brutto utlån.

Kredittrisikoen for verdipapira er redusert i høve til dei siste åra, der vi har ei samansetning med individuelle obligasjonar og plasseringar gjennom rentefond. Kredittrisikoen er samla vurdert til framleis å vera liten.

Renterisiko er moderat. Banken hadde ved årsskiftet ikkje innskot med fastrente. Lengste bindingstid for innskot på særvilkår er 31 dagar. Ved eventuelle endringar i rentenivået, vil banken f.t. kunna endra rentene omgåande på innskot og utlån.

Vår portefølje for obligasjonar og rentefond ved utgangen av 2017 var på 104 mill. kroner – derav 32 mill. kroner i OMF rentefond med god likviditet. Renterisiko på enkelt verdipapir er omlag 0,2%. Dvs. ved ei renteendring på eitt prosentpoeng så vil det endra kursen/verdien med kring 60 tusen kroner. Maksimal ramme for renterisiko er av styret sett til 0,4 mill. kroner. Styret vurderer risikoen som akseptabel.

Valutarisiko er liten og knyter seg til verdiendringar på banken sin kontantbeholdning av valuta.

Likviditetsrisiko er låg! Ved utgangen av 2017 var brutto utlån 95% av innskota, tala dei føregåande åra var høvesvis 94% og 86%.

LCR (Liquidity Coverage Ratio) ivaretek Finanstilsynet sitt behov for å vurdere bankane sin likviditetsbuffer. Frå 31.12.2017 var LCR-kravet frå styresmaktene min. 100%, medan Vik Sparebank hadde god margin med LCR på 151%.

Av anna langsiktig finansiering hadde vi ved årsskiftet 40 mill. kroner i innlån frå Kredittforeningen for Sparebankar i to ulike innlån på 20 mill. kroner med forfall i 2020 og 2021.

Verdipapirbeholdninga av individuelle obligasjonar er låg og vurdert som lett omsetteleg, og rentefonda som vi har 90 mill. kroner i er svært lett omsetteleg. Risikoen for plutslege svingingar i likviditeten er i tillegg sikra gjennom trekkrettar i Noregs Bank og i oppgjersbank Dnb.

Vi er også medeigar i selskapet Kredittforeningen for Sparebankar, som har som hovudføremål å skaffa funding til sparebankar.

PERSONALE - ARBEIDSMILJØ

Vik Sparebank har eit aktivt tilhøve til likestilling når det gjeld tilsette og tillitsvalde. I dag er fordelinga som følgjer:

Funksjon	Kvinner	Menn
Generalforsamlinga	27%	73 %
Styret	40 %	60%
Tilsette inkl. lærling	50 %	50%

Korttidssjuefråværet i 2017 var om lag 1,8% av samla utførde årsverk. Det er ikkje grunn til å tru at sjukefråværet skuldast tilhøve på arbeidsplassen. Verksemda til banken fører ikkje til ureining av det ytre miljøet.

VEGEN VIDARE

Vik Sparebank er solid og godt finansiert. Styret og leiinga vil møte utfordringane som kjem på ein offensiv måte. Styret meiner vi har eit fortrinn med god kunnskap om kundar og marknad, noko som vil bli enno viktigare i tida som kjem.

Nye digitale verktøy blir utvikla og vidareutvikla i stort tempo. Teknologi vil erstatte arbeidskraft i større omfang enn vi tidlegare hadde sett føre oss. Innhaldet i mobilbankane blir stadig meir sofistikert. Fram til i dag har arbeidsoppgåver knytt til «daglegbank» blitt lagt til funksjonane i mobilbanken.

Ein kan sjekke saldo, betale rekningar, få oversikt over transaksjonar, gjere verdipapirinvesteringar t.d. i aksjefond etc. I tillegg vart banken gjennom Eika Gruppen medeigar og leverandør av den populære tenesta VIPPS.

Kundar som kan stille god tryggleik og har ordna økonomi, vil raskt og enkelt kunne få innvilga lån/låneauke via dei digitale flatene. Ein reknar med at 70-80% av kundemassen (som er såkalla «grøne kundar») vil kunne nytte seg av slike utvida banktenester.

Som ein konsekvens av den pågåande digitaliseringa ser vi at fylkesvise, regionale og landsdekkande bankar legg ned lokalkontor og rasjonaliserer. Samtidig blir fleire IT-ekspertar tilsett hjå dei same bankane.

I dette vakuemet som oppstår når bankkontor vert lagt ned, skal Vik Sparebank finne sin naturlege plass. Det vil framleis vere trong for god kundeforhold, spesielt ved dei store hendingane i livet, som når kundar skal investere i hus og heim, og når det er trong for å kartlegge kva forsikringar familien har trong for.

Vik Sparebank vil nytta all erfaring og kunnskap i møtet med kunden. Vi skal vere ein bank som gjev god rådgeving, har rask oppfølging, og høg servicegrad.

Pensjon er eit eksempel på eit område som vil krevje spisskompetanse og god rådgeving. Individuelle pensjonsplanar vil i tida som kjem verta meir aktuelle som ei fylgje av omlegging i det offentlege pensjonssystemet.

Vik Sparebank lyt kontinuerleg tilpassa seg marknaden. Det inneber òg at informasjon om nemnde endringar, nye produkt og om kva vi står for, lyt kommuniserast ut til kunden. Banken vil oppretthalde ressursar på marknads-kommunikasjon for å gjere eigne og potensielle kundar merksame på kvalitetane vi har. Banken vil vera avhengig av nye kundar utover primærmarknaden for å oppnå ein tilfredsstillande vekst dei komande åra. I dette arbeidet vil ein nytte alle dei verktøy ein har tilgjengeleg. Kunnskap om korleis ein brukar sosiale mediar på ein optimal måte er viktig for å møte nye kundesegment.

Styret i banken legg vekt på at Vik Sparebank skal vere ein konkurransedyktig bank med eit resultat som er tilstrekkeleg til å oppnå målsetjingane i banken. Stor eigenkapital, kostnadseffektiv drift, ressursparing ved auka sjølvbetjeningsgrad og bruk av moderne teknologi gjer at Vik Sparebank vil vera godt rusta for vidare drift. Banken vil med dette ha eit godt utgangspunkt for tilpassingar til konkurranse- og marknadsendringane som kjem.

Dei tilsette i banken har lang erfaring og god kompetanse som vert oppdatert kontinuerleg. Autorisasjon av Finansielle Rådgjevarar (AFR) har pågått for fullt siste åra, og Vik Sparebank har fire autoriserte rådgjevarar pr. 31.12.17 og to andre fullførte AFR utdanninga i februar 2018.

Inntekter frå sal av Eika-produkt og utbyttet vi får frå Eika Gruppen AS er avgjerande for banken si inntening. Banken skal drivast lønsamt og overskotet tilpassast veksten for å oppretthalde eigenkapitalprosenten.

Resultatet for 2017 vart på 14,4 mill. kroner før tap mot 11,0 mill. kroner for eitt år sidan. Vik Sparebank tek sikte på å halda fram den gode utviklinga.

Styret meiner at føresetnaden for framleis drift er tilstades.

Takk til kundar, tilsette og tillitsvalde

Styret takkar kundane, dei tilsette og tillitsvalde for tillit og innsats.

Vik i Sogn, 26. februar 2018

Styret for Vik Sparebank



Olav Vikøren
styreleiar



Kari W. Sunde
styremedlem



Anne Espeland
styremedlem



Leidulv Finden
styremedlem tilsette



Werner Madsgård
nestleiar



Mads Arnfinn Undrehus
banksjef

RESULTATOPPSTILLING

<i>Tall i tusen kroner</i>	NOTE	2017	2016
Renter og lignende inntekter av utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner		402	477
Renter og lignende inntekter av utlån til og fordringer på kunder		31.317	27.232
Renter og lignende inntekter av sertifikater og obligasjoner		739	1.090
Andre renteinntekter og lignende inntekter		0	6
Sum renteinntekter og lignende inntekter		32.458	28.805
Renter og lignende kostnader på gjeld til kredittinstitusjoner		670	674
Renter og lignende kostnader på innskudd fra og gjeld til kunder		7.892	8.852
Andre rentekostnader og lignende kostnader	7	806	770
Sum rentekostnader og lignende kostnader		9.368	10.297
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		23.090	18.508
Inntekter av aksjer, andeler og verdipapirer med variabel avkastning		3.699	2.555
Sum utbytte og andre inntekter av verdipapirer med variabel avkastning		3.699	2.555
Garantiprovisjoner		150	83
Andre gebyr- og provisjonsinntekter		5.675	5.982
Sum provisjonsinntekter og inntekter fra banktjenester	8	5.825	6.065
Garantiprovisjon		-	3
Andre gebyr og provisjonskostnader		1.339	1.328
Sum provisjonskostnader og kostnader ved banktjenester	8	1.339	1.331
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikater, obligasjoner og andre rentebærende vp		147	287
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjer og andre verdipapirer med variabel avkastning		3.514	4.949
Netto verdiendring og gev./tap på valuta og finansielle drivater		220	203
Sum netto verdiendring og gev./tap på valuta og verdipapirer som er o	6	3.882	5.439
Driftsinntekter faste eiendommer		1.417	1.351
Andre driftsinntekter		311	110
Sum andre driftsinntekter		1.728	1.462
Netto andre driftsinntekter		13.794	14.190
Sum driftsinntekter		36.884	32.698
<i>RESULTATREGNSKAP</i>	NOTE	2017	2016
Lønn	11	7.961	7.993
Pensjoner	9	964	1.140
Sosiale kostnader		1.817	1.238
Administrasjonskostnader		7.572	6.808
Sum lønn og generelle administrasjonskostnader	10	18.315	17.180
Ordinære avskrivninger		815	787
Sum avskr. m.v. av varige driftsmidler og immaterielle eiendeler	12	815	787
Driftskostnader faste eiendommer		1.327	1.351
Andre driftskostnader		1.998	2.354
Sum andre driftskostnader	13	3.325	3.704
Sum driftskostnader		22.456	21.671
Tap på utlån		1.066	504
Tap på garantier m.v.		-	-
Sum tap på utlån, garantier m.v.	2	1.066	504
Gevinst/tap		55	(1.355)
Sum nedskr./reversering av nedskrivning og gev./tap på verdip. som er anl.m.		55	-1.355
Resultat av ordinær drift før skatt		13.417	9.167
Skatt på ordinært resultat	14	3.017	1.317
Resultat for regnskapsåret		10.400	7.850
Overført fra gavefond		-	-
Til disposisjon		10.400	7.850
Overført til/fra sparebankens fond		9.700	7.200
Utbetalte gaver		500	450
Overført til/fra gavefond		200	200
Sum overføringer og disponeringer	19	10.400	7.850

EIENDELER

<i>Tall i tusen kroner</i>	Noter	2017	2016
Konter og fordringer på sentralbanker	15	59.838	58.701
Gjeldsbrev som kan refinansieres i sentralbanker		-	-
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner uten avtalt løpetid eller oppsigelsesfrist		52.539	23.729
Utlån til og fordringer på kredittinstitusjoner med avtalt løpetid eller oppsigelsesfrist		1.200	1.200
Sum netto utlån og fordringer på kredittinstitusjoner		53.739	24.929
Kasse-/drifts- og brukskreditter		117.207	147.497
Byggelån		10.210	3.087
Nedbetalingslån		927.158	838.687
Sum utlån og fordringer på kunder, før nedskrivninger	2	1.054.575	989.271
Individuelle nedskrivninger på utlån	2	(387)	(387)
Nedskrivninger på grupper av utlån	2	(4.200)	(3.500)
Sum netto utlån og fordringer på kunder		1.049.988	985.384
Overtatte eiendeler		-	-
Sertifikater og obligasjoner utstedt av det offentlige		-	-
Sertifikater og obligasjoner utstedt av andre		12.856	22.708
Sum sertifikater og obligasjoner	6	12.856	22.708
Aksjer, andeler og grunnfondsbevis		111.054	133.514
Sum aksjer, andeler og andre verdipapirer med variabel avkastning	6	111.054	133.514
Utsatt skattefordel	14	64	285
Sum immaterielle eiendeler		64	285
Maskiner, inventar og transportmidler		886	1.081
Bygninger og andre faste eiendommer		16.100	18.285
Andre varige driftsmidler		-	-
Sum varige driftsmidler	12	16.986	19.366
Andre eiendeler		(497)	439
Sum andre eiendeler		-497	439
Opptjente ikke mottatte inntekter		826	575
Forskuddsbetalte ikke påløpte kostnader		439	245
Overfinansiering av pensjonsforpliktelser		-	-
Andre forskuddsbetalte ikke påløpte kostnader		439	245
Sum forskuddsbetalte ikke påløpte kostnader og opptjente ikke mottatte inntekter		1.264	820
SUM EIENDELER		1.305.292	1.246.146

GJELD OG EGENKAPITAL

<i>Tall i tusen kroner</i>	Noter	2017	2016
Lån og innskudd fra kredittinstitusjoner uten avtalt løpetid eller oppsigelsesfrist		645	0
Lån og innskudd fra kredittinstitusjoner med avtalt løpetid eller oppsigelsesfrist		40.584	40.151
Sum gjeld til kredittinstitusjoner	17	41.228	40.151
Innskudd fra og gjeld til kunder uten avtalt løpetid		970.145	912.041
Innskudd fra og gjeld til kunder med avtalt løpetid		134.902	144.696
Sum innskudd fra og gjeld til kunder	17	1.105.047	1.056.737
Annen gjeld		4.999	4.320
Sum annen gjeld	18	4.999	4.320
Påløpte kostnader og mottatte ikke opptjente inntekter		1.089	1.909
Pensjonsforpliktelser	9	29	29
Sum avsetninger for påløpte kostnader og forpliktelser		29	29
SUM GJELD		1.152.392	1.103.146
Sparebankens fond		150.700	141.000
Gavefond		2.200	2.000
Sum opptjent egenkapital	3, 19	152.900	143.000
SUM EGENKAPITAL		152.900	143.000
SUM GJELD OG EGENKAPITAL		1.305.292	1.246.146
Poster utenom balansen			
Garantiansvar	20	5.394	6.145
Garantier til Eika Boligkreditt	20	7.638	5.000

Vik i Sogn, 26. februar 2018

Styret for Vik Sparebank



Olav Vikøren
styreleiar



Kari W. Sunde
styremedlem



Anne Espeland
styremedlem



Leidulv Finden
styremedlem tilsette



Werner Madsgård
nestleiar



Mads Arnfinn Indrehus
banksjef

KONTANTSTRØMOPPSTILLING – DIREKTE METODE

<i>Tall i tusen kroner</i>	2017	2016
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Netto utbetaling av lån til kunder	(65.670)	(111.828)
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	31.066	27.238
Netto inn-/utbetaling av innskudd fra kunder	48.310	41.705
Renteutbetalinger på innskudd fra kunder	(8.698)	(9.622)
Netto inn-/utbetaling av lån fra kredittinstitusjoner/innskudd i kredittinstitusjoner	645	900
Renteutbetalinger på gjeld til kredittinstitusjoner/renteinnbetalinger på innskudd kredittinstitusjoner	(268)	(193)
Endring sertifikat og obligasjoner	-	5.713
Renteinnbetalinger på sertifikat og obligasjoner	739	1.090
Netto provisjonsinnbetalinger	4.485	4.734
Verdiendring på finansielle instrumenter og valuta	-	490
Netto inn-/utbetaling kortsiktige investeringer i verdipapirer	-	59.681
Utbetalinger til drift	(22.243)	(18.698)
Betalt skatt	(903)	(1.244)
Utbetalte gaver	(500)	(450)
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	-13.037	-484
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Utbetaling ved investering i varige driftsmidler	(1.228)	(2.055)
Innbetaling fra salg av varige driftsmidler	2.903	1.215
Utbetaling ved kjøp av langsiktig investering i verdipapirer	(332)	(1.096)
Innbetaling fra salg av langsiktige investeringer i verdipapirer	37.942	1.259
Utbytte fra langsiktige investeringer i aksjer	3.699	2.555
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet	42.984	1.878
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Netto inn-/utbetaling av lån fra kredittinstitusjoner	-	-
Renter på gjeld til kredittinstitusjonar	-	-
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet	-	-
A + B + C Netto endring likvider i perioden	29.947	1.394
Likviditetsbeholdning 1.1	82.430	81.036
Likviditetsbeholdning 31.12	112.377	82.430
Likviditetsbeholdning spesifisert:		
Kontanter og fordringer på Sentralbanken	59.838	58.701
Fordringer på kredittinstitusjoner uten oppsigelsestid	52.539	23.729
Likviditetsbeholdning	112.377	82.430

GENERELLE REKNESKAPSPRINSIPP

GENERELT

Banken sitt årsrekneskap er utarbeida i samsvar med rekneskapslova av 1998, forskrift om årsrekneskap for bankar samt god rekneskapskikk. Under einstilte notar er det inntatt ytterlegare forklaring og tilvising til postar i resultatrekneskap og balanse. Alle beløp i resultatrekneskap, balanse og notar er i heile tusen kroner dersom ikkje anna er oppgitt.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapet og verdsetting av eignelutar og gjeld, samt usikre eimedlar og plikter på balansedagen under utarbeidinga av rekneskapen i samsvar med god rekneskapskikk.

Tidsavgrensing av renter, provisjonar og gebyr

Rente, provisjonar og gebyr vert ført i resultatrekneskapen etter kvart som desse blir opptente som inntekter eller kjem til som kostnader. Føretekte berekningar viser at etableringsgebyr ikkje overstig kostnadene som oppstår ved etablering av det einstilte utlån. Dei vert difor ikkje tidsavgrensa over løpetid til lånet.

Inntektsføring/kostnadsføring

Forskotsbetalte inntekter ved slutten av året vert tidsavgrensa og ført som gjeld i balansen. Opptente, ikkje betalte inntekter ved slutten av året vert inntektsført og ført som eimedel i balansen. På engasjement der det vert gjort nedskrivingar for tap, blir renteinntekter resultatført ved bruk av effektiv rentemetode. Aksjeutbytte blir inntektsført i det året dei blir utbetalt. Realisert kursvinst/-tap vert resultatført ifølge FIFU-prinsippet. Det vil seie at den einstilte handel for vedkomande verdipapir vert reskontroført og resultatført separat. Bokføring for kjøp og sal av verdipapir skjer på tidspunkt for overgang av risiko og kontroll.

UTLÅN – BESKRIVELSER OG DEFINISJONER

Vurdering av utlån

Banken sine utlån er vurdert til verkeleg verdi på utbetalingstidspunktet. I etterfylgjande periodar vert utlån vurdert til amortisert kost ved bruk av effektiv rentemetode. Gebyr ved etablering av lån overstig ikkje kostnadene og vert inntektsført laupande. Utlån vurdert til amortisert kost vil derfor normalt være tilnærma lik pålydande av låna. Bustadlån overført til og formidla til Eika Boligkreditt AS (EBK) er ikkje balanseført.

Behandling av engasjement som ikkje er misleghaldt

Banken føreteke kvartalsvis vurdering av utlåns- og garantiporteføljen for både nærings- og personkundar. For engasjementa er det verdien av banken sin sikring, låntakar sin betalingsevne etc. som vert vurdert. Dersom gjennomgangen viser at tap kan påreknast, bokfører ein tapet i rekneskapen til banken som individuell nedskriving.

Behandling av misleghaldt engasjement

Ved misleghald vurderer ein kunden sitt samla engasjement. Låntakar sin tilbakebetalingsevne og sikring avgjer om eit tap må påreknast. Sikringa vert vurdert til antatt lågaste realisasjonsverdi på berekningstidspunktet, med frådrag for salskostnad. Dersom det føreligg objektive bevis på verdifall på fordringane til banken, vert dette ført som individuelle nedskrivingar.

Behandling av konstaterte tap

Ved misleghald over 90 dagar, konkurs som er sett i gang, avvikling eller akkord, blir engasjementet vurdert med omsyn til sikring og betalingsevne for å få oversikt over banken sin risiko for tap. Ved objektive bevis på verdifall på engasjementet, vert engasjementet handsama normalt først som individuell nedskriving. Engasjementet vert rekna som endeleg tap når konkurs eller akkord er stadfesta, utpanting ikkje har ført frem eller som fylgje av rettskraftig dom eller inngått avtale. Berekna verdifall på engasjementet vert ført då som konstatert tap, eventuelle individuelle nedskrivingar ført til inntekt. Endeleg konstaterte tap vert fjerna frå låneporteføljen til banken og frå individuelle nedskrivingar månaden etter at all sikring er realisert og det er konstatert at kunden ikkje er søkegod.

Tilbakeføring av tidlegare tapsavsette engasjement

Tilbakeføring av tidlegare tapsavsette engasjement skal skje i den utstrekning tapet er redusert og objektivt kan knytast til ei hending inntreffe etter nedskrivingstidspunktet.

Handsaming av nedskrivingar på grupper av utlån

Nedskriving på grupper av utlån vil seie nedskriving utan at det einstilte tapsengasjement er identifisert. Nedskrivinga er basert på objektive bevis for verdifall i låneporteføljen til banken ut frå vurderingane til banken av risiko for manglande betalingsevne med grunnlag i berekningar med basis i erfaringstall, konjunkturedringar, bransjeanalysar og andre forhold. Andre forhold kan være verdifall på fast eigedom ved auka marknadsrenter, svikt i beteningsevna ved markert renteoppgang eller nedbemanning på større arbeidsplassar.

Behandling av individuelle nedskrivningar på utlån

Vurdering av om det føreligg objektive bevis for verdifall skal føretakast einskildvis av alle utlån som vert vurdert som vesentlege. Utlån som er vurdert individuelt for nedskrivning og der nedskrivning er gjennomført skal ikkje verta medrekna i gruppevurdering av utlån. Banken fordeler sine utlån på PM – lån til personmarknaden og BM – lån til bedriftsmarknaden.

Rapportering av misleghaldt låneengasjement

Rapportering av misleghaldne lån skal ifølge krava til styresmaktene rapporterast slik: Dersom kunden har eitt eller fleire misleghaldne lån eller overtrekk på innskotskonto, rapporterer banken heile låneengasjementet til kunden.

OVERTEKNE EIGEDELAR

Overtekne egedelar vert behalde av banken inntil verdien kan realiserast ved sal. Egedelane vert nedskrivne til vurdert salsverdi.

FINANSIELLE INSTRUMENTER**Finansielle derivat**

Banken nyttar ikkje finansielle derivat.

Finansielle derivat skal sikra eksponeringa mot renterisiko som oppstår gjennom aktiviteten til banken. Slike avtaler kan omfatte rentebytteavtalar og aksjeindeksopsjonar, valutabytteavtalar, kombinerte rente- og valutabytteavtalar og kombinerte rente- og aksjeindeksbytteavtalar.

Renteinstrument utanfor balansen

Resultatet av sikringsforretningar blir bokført parallelt med resultatet av den underliggende balanseposten som forretninga er inngått for. Inntekter og kostnader frå desse avtalene resultatføres netto.

Verdipapir

Verdipapirbeholdninga vert spesifisert og verdi vurdert ved utløpet av kvar rekneskapsperiode (månadleg). Omlaups- og anleggsporføljen sin verdi vert vurdert etter ulike reglar kvar for seg.

Obligasjonar og sertifikat

Banken har obligasjonar definert som andre omlaupsmidlar. Andre omlaupsmidlar er vurdert til den lågaste verdi av kjøps- og verkeleg verdi. Obligasjonsbeholdninga er samansett i samsvar med krav til avkastning og risiko, og er ein del av likviditetsbufferen til banken. Forvaltninga av obligasjonsporteføljen vert gjort av administrasjonen i banken, men etter råd/vurderingar saman med profesjonelle aktørar i marknaden. Det vert nytta prisar notert i marknaden. Når noterte prisar ikkje føreligg vert det berekna verkeleg verdi i prisingsmodell utarbeidd av Fondsmeglernes forening.

Aksjar og eigenkapitalbevis

1 Anleggsmidlar er vurdert til lågaste verdi prinsipp (LVP), dvs. nedskrivning ved varig verdifall.

2 Omlaupsmidlar:

- a) LVP, dvs. nedskrivning når verkeleg verdi er lågare enn kostpris.
- b) Omlaupsmidlar som inngår i handelsportefølje vert vurdert i samsvar med rekneskapslova §5-8 til verkeleg verdi.

Grunnlag for verkeleg verdi for børsnoterte aksjar som er omlaupsmidlar, er børskurs på måletidspunktet.

Grunnlag for verkeleg verdi for ikkje børsnoterte aksjar som er omlaupsmidlar eller anleggsmidlar, er kostpris. Dersom verkeleg verdi av aksjane klassifisert som anleggsmidlar fell under anskaffingskostnad, og verdifallet er vurdert ikkje å være av forbigåande karakter, vert aksjane nedskrivne. Nedskrivninga vert reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstades.

Fondsforvaltarane av rentefonda vert vurderte som profesjonelle forvaltarar. Rentefonda står også for fastsettinga av verkeleg verdi for porteføljen i rentefondet.

VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDLAR**Varige driftsmidler**

Faste eigedomar og andre varige driftsmidler vert ført i balansen til anskaffingskost og med fråtrekk av akkumulerte ordinære avskrivningar og eventuelle nedskrivningar.

Ordinære avskrivningar er basert på kostpris og avskrivningane er fordelt lineært over den økonomiske levetida til driftsmidlane. Er den verkelege verdi av eit driftsmiddel vesentleg lågare enn den bokførte verdi, og verdinedgangen ikkje kan forventast å være av forbigåande karakter, vert det føreteke nedskrivningar til verkeleg verdi. Nedskrivninga vert reversert når grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er tilstade.

Banken nyttar fylgjande avskrivingsssatsar:

Eigedom	0,0-10,0 %
Maskiner og inventar	10,0-30,0 %

Pensjonsforplikting og pensjonskostnader

Banken sin ytingsordning ble lukka med verknad frå 1. januar 2012, og det vart i staden etablert ein innskotsbasert ordning som omfattar alle tilsette fødte etter 1954. Alle som hadde høve til det og som var tilsett før 1. januar 2012 gjekk over til innskotsordninga.

SKATT

Skattane vert kostnadsført når dei er utrekna basert på det rekneskapsmessige resultat før skatt. Netto utsatt skattefordel er per 31.12.2017 berekna med 25 prosent på grunnlag av midlertidige skilnader som eksisterer mellom rekneskaps- og skatterelaterte verdiar. Skatteaukande og skattereduserande midlertidige ulikskaper, som reverserer eller kan reversere i same periode, er utlikna og nettoført. Skattekostnaden i året omfattar betalbar skatt for inntektsåret og endringar i utsett skatt og utsett skattefordel. Eventuelle endringar i utsett skatt og utsett skattefordel kjem fram som skattekostnaden i året under resultatrekneskapet saman med betalbar skatt for inntektsåret. Utsett skatt vert berekna på bakgrunn av ulikskap mellom rapporterte skattemessige og rekneskapsmessige resultat som vil verta utlikna i framtida. Formuesskatten vert berekna som 0,15 % av netto skattemessig formue.

Eventuell utsett skatt på meirverdiar i samband med oppkjøp av dotterselskap blir ikkje utlikna.

OMREKNINGSREGLAR FOR VALUTA

Pengepostar i utanlandsk valuta er vurdert til kursen pr. 31.12.

LANGSIKTIG GJELD

Banken har ikkje obligasjonsgjeld, men har gjort innlån gjennom Kredittforeningen for Sparebankar (KFS), f.t. 40 mill. kroner fordelt over 2 innlån.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumen frå operasjonell drift av banken er definert som løpande renter frå utlåns- og innskotsverksemda mot kundar, netto inn- og utbetalingar frå utlåns- og innskotsverksemda, samt utbetalingar generert frå omkostningar knyta til ordinært virke i banken. Investeringsaktiviteter er definert som kontantstraumar frå verdipapirtransaksjonar. I tillegg tek vi med kontantstraum knyta til investeringar i driftsmidler og eigedomar. Finansieringsaktivitetar (funding) inneheld kontantstraumar frå opptak og nedbetaling av obligasjonsgjeld og marknadsinnlån.

NOTAR TIL ÅRSREKNESKAPEN 2017

Bokmål = standard tekst

NOTE 1 – RISIKOSTYRING

Vik Sparebank sitt rammeverk for risikostyring og kontroll definerer risikovilje og prinsipper for styring av risiko og kapital som bygger på Basel III-regelverket. Banken er pålagt risikogjennomgang i henhold til kapitalkravsforskriften og internkontrollforskriften. Bankens resultatmål er en konkurransedyktig egenkapitalavkastning og resultatvekst. Risikostyringen skal bidra til at dette målet oppnås, både ved at forretningsmessige muligheter utnyttes, og at potensielt negative resultatutslag begrenses.

Det er utviklet rutiner og instruksjoner i forbindelse med risikogjennomgangen som skal sikre at risikofaktorene håndteres på en tilfredsstillende måte. Det overvåkes periodisk at risikohåndteringen etterleves og fungerer som forutsatt.

Banken er eksponert for følgende risikoer; kredittrisiko, likviditetsrisiko, markedsrisiko (herunder markedsrisiko, renterisiko) og operasjonell risiko, i tillegg til bankens overordnede forretningsrisiko (herunder strategisk- og omdømmerisiko). Risiko vurderes etter en skala med fire nivåer: lav, middels, høy og ikke klassifisert risiko.

Kredittrisiko er omhandlet i note 2, likviditetsrisiko i note 4, renterisiko i note 5 og annen markedsrisiko i note 6. Bankens andre risikoområder:

Operasjonell risiko

Bankens operasjonelle risiko er risiko for tap som følge av utilstrekkelige eller sviktende prosesser eller systemer, menneskelige feil eller eksterne hendelser, samt juridisk risiko. Denne type risiko og tapskilder ligger i den løpende driften av banken. Vik Sparebank har utarbeidet policyer, rutinebeskrivelser, fullmaktstrukturer, mv, og dette, sammen med veldefinerte og klare ansvarsforhold, er tiltak som reduserer den operasjonelle risikoen. Det er videre tegnet hensiktsmessige forsikringsordninger, samt utarbeidet relevante beredskapsplaner for å håndtere kritesituasjoner.

Strategisk risiko

Risiko for at banken ikke skal "overleve". Den fundamentale risiko for styret og toppledelsen. Risiko for at verdiene av gjeld og eiendeler endres på grunn av faktorer i markedet. Dette fordrer en kontinuerlig vurdering av konkurransesituasjonen, bankens produkter og endringer i bankens rammevilkår.

Omdømmerisiko

Risiko for at banken påføres tap eller kostnader som følge av at bankens omdømme svekkes ved manglende kontrollrutiner. Bankens risikovurdering er i 2017 foretatt etter samme opplegg som foregående år. Innenfor alle bankens risikoområder er det foretatt en vurdering som har resultert i risikovekt etter en skala fra 1 til 5, hvor 1 betyr ubetydelig skade og 5 betyr svært alvorlig skade. Det er så foretatt en systematisk gjennomgang av alle bankens virksomhetsområder og definert de forskjellige typer risiko innenfor hvert område. Den enkelte type risiko er deretter tildelt risikograd i en skala fra 1 til 3, hvor 1 er liten, 2 er moderat og 3 er stor risikograd. Ved å multiplisere risikovekten med risikograden, er det beregnet en relativ risiko innenfor de forskjellige virksomhetsområder og typer risiko. Det er foretatt systematisk gjennomgang av alle tiltak som banken har iverksatt for å redusere risiko. Den relative risiko er også vurdert mot de interne rutiner og instruksjoner og det rammeverk som er etablert i bankens systemer. Vurderingen har resultert i restrisiko, som er den risiko banken har vurdert i forhold til iverksettelse av utvidede tiltak for å begrense risikoen ytterligere.

Forretningsrisiko

Forretningsrisiko er risiko for uventede inntektssvingninger ut fra andre forhold enn kredittrisiko, markedsrisiko og operasjonell risiko. Banken har ikke inngått kontrakter for 2017 som ikke er opplyst i regnskapet.

NOTE 2 – KREDITTRISIKO

Kredittrisiko

Kredittrisiko er risiko for tap som skyldes at kunder/motparter ikke oppfyller sine betalingsforpliktelser overfor banken. Kredittrisiko vedrører alle fordringer på kunder/motparter, utlån, kreditter, garantier, uoppgjorte handler, ubenyttede kreditter, samt motpartsrisiko som oppstår gjennom derivater. Kredittrisiko avhenger av blant annet fordringens størrelse, tid for forfall, sannsynlighet for mislighold og eventuelle sikkerhetens verdi. Kredittap kan også oppstå som følge av operasjonelle feil. Kredittrisiko er bankens vesentligste risiko og består hovedsakelig av utlån.

Som sikkerhet for bankens utlånsportefølje benyttes i hovedsak:

- pant i fast eiendom
- registrerbart løsøre, landbruksløsøre og driftstilbehør
- fordringer og varelager
- pant i bankinnskudd
- finansiell pant registrert i VPS, aksjer og obligasjoner
- kausjonister

Generelt kreves sikkerhet for alle typer lån, med unntak av lønnskotokreditt.

Maksimal kreditteksponering

Maks kreditteksponering består av utlån til kunder, ubenyttede trekkrettigheter samt garantier. For garantier henvises til note 20. Banken benytter sikkerheter for å redusere risiko avhengig av marked og type transaksjoner. Sikkerheter kan for eksempel være fysiske sikkerheter eller garantier. Fysisk sikkerhet skal som hovedregel være forsikret, og kan for eksempel være bygninger, boliger eller varelager. Ved vurdering av sikkerhetens verdi legges til grunn en forutsetning om fortsatt drift. Unntak fra dette gjelder i situasjoner hvor det er foretatt nedskrivninger.

Risikovurdering

Banken foretar risikoklassifisering av alle engasjementer som en integrert del av bankens kredittvurdering og saksgangsprosess. Banken benytter et risikoklassifiseringssystem for å overvåke kredittrisiko i bedrifts- og personmarkedsportefølgjen. Systemet er basert på en modell som avdekker forventet sannsynlighet for mislighold og tap. Overvåking skjer med bakgrunn i engasjementsstørrelse, risikoklasse og evt. mislighold. I forbindelse med vurderingen av kvalitet samt migrasjon i bankens utlånsportefølje er det siste åra benyttet et risikoklassifiseringssystem, basert på 10 friske risikoklasser og 2 klasser for hhv. misligholdte engasjement og engasjement med individuelle tapsnedskrivninger. Utvidelsen av antall klasser bidrar til at endringer (migrasjon) på kundenivå vil være synlig på et tidligst mulig tidspunkt. Dette vil også bidra til et bedre totalbilde av utviklingen av kvaliteten i bankens utlån. Modellen inneholder ikke vurderinger basert på sikkerhetsverdier og kundens risikoklasse er derfor en sammensetning av eksterne og interne data som gir kunden en sannsynlighetsvurdering av fremtidig mislighold (PD-verdi). Systemet bygger på en sammensetning av data for kundedferd (behaviour-modell), samt en modell for innhenting av generisk score. Kredittrisiko styres gjennom bankens kredittstrategi. Det er utarbeidede kreditthåndbøker med policyer og rutiner samt administrativ fullmaktsstruktur for styring av kredittrisiko, herunder klargjøring av krav til dokumentasjon og betjeningsevne for kunder som innvilges kreditt, samt krav til sikkerhet i engasjementene. Risiko i porteføljen blir kontinuerlig overvåket for å avdekke sannsynlighet for mislighold og for å kalkulere tap dersom mislighold inntreffer.

Bankens kredittrisiko består hovedsakelig av små enkeltrisikoeer mot privat- og bedriftskundemarkedet. Etablert risikohåndtering skal sikre at kredittrisiko er i samsvar med bankens risikovilje. Modellen for gruppenedskrivning bygger på bransjeinndeling av kundene, risikoklassifisert portefølje både for privat- og bedriftskundemarked sammen med antatt sannsynlighet for mislighold og tap og en prosentvis avsetning til gruppenedskrivning.

MAKS KREDITTEKSPONERING – POTENSIELL EKSPONERING PÅ UTLÅN

2017	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.	Maks kredittesp.
Lønnstakere o.l.	919.032	58.313	8.104	137	985.312
Utlandet			-		-
Næringssektor fordelt:					
Jordbruk, skogbruk, fiske	40.963	3.689	-		44.652
Industriproduksjon	13.615	21.138	-	250	34.504
Bygg og anlegg	31.262	6.681	2.368		40.311
Varehandel, hotell/restaurant	14.751	2.159	1.520		18.430
Transport, lagring	1.985	331	674		2.990
Finans, eiendom, tjenester	22.505	906	291		23.702
Sosial og privat tjenesteyting	10.461	1.962	75		12.498
Offentlig forvaltning	-	-	-		-
Sum	1.054.575	95.178	13.032	387	1.162.399

2016	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.	Maks kredittesp.
Lønnstakere o.l.	849.674	67.555	5.385	137	922.477
Utlandet			-		-
Næringssektor fordelt:					
Jordbruk, skogbruk, fiske	38.875	2.927	-		41.803
Industriproduksjon	11.057	21.290	-	250	32.097
Bygg og anlegg	37.412	8.810	3.772		49.994
Varehandel, hotell/restaurant	13.999	2.914	1.520		18.434
Transport, lagring	1.816	300	193		2.309
Finans, eiendom, tjenester	24.334	2.802	200		27.336
Sosial og privat tjenesteyting	12.102	1.725	75		13.902
Offentlig forvaltning	-	-	-		-
Sum	989.271	108.323	11.145	387	1.108.352

Risikoklassifisering

De fleste utlån er tilfredsstillende sikret ved pant, kausjon o.l. Det er få lån av betydelig størrelse. Bankens utlånspolicy bygger på en sunn og god kvalitetsmessig vurdering av låneprosjektene. Porteføljen overvåkes kontinuerlig, med vekt på lån med restanser. Banken opererer hovedsakelig i et meget oversiktlig geografisk område med god kunnskap om kundene, boligpriser mv.

Av samlede lån til kunder på 1.055 millioner er hele 87 % utlånt til personkunder og 57 % av alle lån gitt til kunder i Vik kommune. Banken benytter et saksgangssystem som kvalitetssikrer kredittbehandlingen. Ved vurdering av kredittsaker legges det vekt på betalingsevne og sikkerhet med hovedvekt på sikkerhet. Styret får en jevnlig rapportering av innvilgede lån og restanse- og overtrekkslister. Garantier blir sikkerhetsmessig vurdert på linje med utlån.

Risikoklassifiseringen er en integrert del av kredittvurderingsprosessen. Systemet muliggjør en god overvåking av risikoutviklingen i bankens utlånsportefølje.

Utlånsvolumet er delt i 12 risikogrupper, hvor gruppe 1-3 representerer liten risiko og hvor 8-10 er lån med høy risiko. Banken vektlegger risiko ved prising av sine engasjementer. Det er således normalt med en relativ sammenheng mellom risikoklassifisering og prising av lån. De lån som har lavest rente har også tilsvarende lav risiko.

Kredittkvaliteten håndteres ved at banken benytter sine interne retningslinjer for kredittratinger.

Tabellen nedenfor viser den akkumulerte (økonomi og sikkerhet) kredittkvaliteten for utlånsrelaterte eiendeler.

RISIKOKLASSIFISERING

Personmarkedet

2017

	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.
Lav risiko, klasse 1-3	858.148	54.513	8.104	-
Middels risiko, klasse 4-7	44.073	4.259	-	-
Høy risiko, klasse 8-10	16.217	23	-	-
Misligholdt eller tapsutsatt, klasse 11-12	229	-	-	137
Ikke klassifisert	366	-	-	-
Totalt	919.033	58.795	8.104	137

2016

	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.
Lav risiko, klasse 1-3	785.242	66.094	5.385	-
Middels risiko, klasse 4-7	44.757	1.455	-	-
Høy risiko, klasse 8-10	14.890	-	-	-
Misligholdt eller tapsutsatt, klasse 11-12	232	-	-	137
Ikke klassifisert	345	6	-	-
Totalt	845.466	67.555	5.385	137

Bedriftsmarkedet

2017

	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.
Lav risiko, klasse 1-3	59.247	7.111	1.998	-
Middels risiko, klasse 4-7	55.265	27.905	2.712	-
Høy risiko, klasse 8-10	20.565	1.368	218	-
Misligholdt eller tapsutsatt, klasse 11-12	265	-	-	-
Ikke klassifisert	201	-	-	250
Totalt	135.542	36.384	4.928	250

2016

	Brutto utlån	Ubenyttede kreditter	Garantier	Ind. nedskriv.
Lav risiko, klasse 1-3	55.743	7.585	673	-
Middels risiko, klasse 4-7	64.256	32.145	4.960	-
Høy risiko, klasse 8-10	18.565	1.037	127	-
Misligholdt eller tapsutsatt, klasse 11-12	792	1	-	250
Ikke klassifisert	241	-	-	-
Totalt	139.597	40.768	5.760	250

Brutto utlån

Andel av brutto utlån i egen balanse med lav risiko utgjør 87% mot 85% for ett år siden.

Andel av brutto utlån med høy risiko er like over 3 % ca. som for ett år siden.

Garantier

